



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Sogndal kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Sogndal kommunestyre har i møtet 19.12.2019, sak 64/2019, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering, med ettersending av oppdaterte økonomiske oversikter for 2020.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettet med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjort med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering:

Sogndal kommune er ei samanslåing av dei tre tidlegare kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal. Sjølv etter større planlagde innsparingar i sektorområda i heile økonomiplanperioden, planlegg kommunen etter negative netto driftsresultat i 2020 og 2021, og deretter positive resultat, men under kommunestyret sin handlingsregel på 1,75 prosent. Etter større bruk av disposisjonsfond i 2019 for dei tre tidlegare kommunane, har Sogndal kommune ved inngangen til 2020 ein lågare fri eigenkapital til driftsføremål samanlikna med sin eigen handlingsregel og gjennomsnittet for landet. Dette viser, saman med planlagde svake netto driftsresultat, at det er nødvendig å gjennomføre konkrete tiltak for å oppfylle dei planlagde innsparingane i 2020 og for heile økonomiplanperioden.

Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere



utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifta for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

Sogndal kommune har økonomiske oversikter etter forskrifta, men manglar oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar.

Budsjett 2020

Sogndal kommunestyre har gjennom økonomireglementet slutta seg til følgjande økonomiske handlingsreglar (retningsgjevande finansielle måltal) i prosent av driftsinntekter:

- Netto driftsresultat > 1,75 prosent.
- Disposisjonsfond (fri egenkapital drift) > 10 prosent.
- Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) < 75 %.

Dette blir grunnleggande føringar som kommunestyret legg til grunn i den økonomiske planlegginga og styringa.

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på – kr 759 000, som betyr – 0,1 prosent av driftsinntektene. Dette er etter innsparingar på 16,4 mill. kroner, som er fordelt på sektorområda. I disponering/dekning av netto driftsresultat er det brukt 1,5 mill. av disposisjonsfond og 4,3 mill. av bundne driftsfond som resulterer i 5,1 mill. kroner i overføring til eigenfinansiering av investeringar. Etter førebelse Kostra-tal¹ for 2019 har dei tre kommunane til saman 108 mill. kroner i disposisjonsfond med seg over til Sogndal kommune. Kommunane rapporterer² etter 2019 om eit samla resultat (meir-/mindreforbruk) i balanse. Det betyr etter dette at fri egenkapital til driftsføremål i prosent av driftsinntekter er 8,7 prosent ved inngangen til Sogndal kommune. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 11,7 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert etter statsbudsjettet på 718 mill. kroner. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunens frie inntekter. For Sogndal auka folketalet i 2019 med 156 personar, som utgjør 1,3 prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. Frå 01.01.2020 vart området Nessane grensejustert til Høyanger kommune, og justert for dette (110 personar) er veksten 0,4 prosent. KS sin prognosemodell etter oppdaterte folketal viser ein prognose tilsvarande det kommunen har budsjettert.

Eigedomsskatt er budsjettert med 62 mill. kroner, som er vidareføring av 2019-nivået for dei tre tidlegare kommunane. Harmonisering av eigedomsskatten i ny kommune blir starta i 2021. Finans-/utgifter og inntekter og andre sentrale inntekter (kraftinntekter, tilskot og refusjonar m.v.) er vidareført med grunnlag i økonomiplanar for dei tidlegare kommunane. Reformstøtte på 5,6 mill. kroner som følgje av kommunesamanslåinga, er ikkje disponert i budsjettet.

^{1, 2, 3} førebelse Kostra-konserntal for balansen



Det er fordelt ei samla budsjetttramme på 818 mill. kroner mellom dei ulike sektorane. Sidan 2020 er første budsjettåret for Sogndal kommune er det ikkje samanlikningstal frå tidlegare år, også fordi dei tidlegare kommunane hadde organisert tenestene ulikt.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 113 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 70,8 mill. kroner, overføring frå drift 2,2 mill., momskompensasjon 14,8 mill. og tilskot 25,2 mill. kroner. Av nye låneopptak er 33 mill. kroner til vatn- og avløpsanlegg, der renter og avdrag blir dekt gjennom avgifter. Etter Kostra-tal³ for 2019 har dei fire kommunane til saman 1 026 mill. kroner i brutto langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 83 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 110 prosent.

Økonomiplan 2020 – 2023

Det er i perioden 2021 – 2023 budsjettert med netto driftsresultat mellom – 2,4 mill. til positive 10,2 og 11,2 mill. kroner i dei to siste åra. Dette utgjer mellom – 0,2 prosent til 1 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er etter at det er lagt inn 31 mill. kroner i innsparingar i 2021, auka til 46 mill. for kvart av åra i 2022 og 2023. Innsparingane er fordelte til sektorområda. Men i budsjetthandsaminga er dei omtalte som saldering av budsjett- og økonomiplan, og at det så snart som råd i 2020 må setjast i gang eit eige prosjekt med mål om å finne løysingar på dei økonomiske utfordringane som ligg i innsparingane. Positive netto driftsresultat i dei to siste åra bidreg til at det i heile økonomiplanperioden blir avsett 21 mill. kroner til disposisjonsfond.

Skatt og rammetilskot er fram til 2023 budsjettert etter KS sin prognosemodell med grunnlag i statsbudsjettet for 2020. Andre større sentrale inntekter er og vidareført med mindre endringar samanlikna med 2020-budsjettet.

Investeringsplanen tek utgangspunkt i dei siste økonomiplanane for dei tidlegare tre kommunane, og for perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar for 97 mill. kroner. Finansieringa er låneopptak på 76 mill. kroner og resten med overføring frå drift, momskompensasjon og tilskot. Samla planlagt låneopptak for heile økonomiplanperioden er 147 mill. kroner, og budsjetterte avdrag er på 178 mill. kroner.

Fylkesmannens vurderingar

Sjølvs etter større planlagde innsparingar i sektorområda planlegg Sogndal kommune etter negative netto driftsresultat i 2020 og 2021, og deretter positive resultat, men under kommunestyret sin handlingsregel på 1,75 prosent. Dette er resultatet kommunen bør liggje på for å ta vare på kommunen sin formue over tid, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar. Etter større netto bruk av disposisjonsfond i 2019 for dei tre tidlegare kommunane⁴, har Sogndal kommune ved inngangen til 2020 ein lågare fri eigenkapital til driftsføremål samanlikna sin eigen handlingsregel og gjennomsnittet for landet. Dette viser, saman med planlagde svake netto driftsresultat, at det er nødvendig å gjennomføre konkrete tiltak for å oppfylle dei planlagde innsparingane i 2020 og for heile perioden.

Kommunen har ei lånegjeld samanlikna med driftsinntektene som ligg under landsgjennomsnittet, men over sin eigen handlingsregel. Etter planlagde investeringar finansiert med nye låneopptak og budsjetterte

⁴ førebelse Kostra-konserntal for balansen



avdrag, vil lånegjelda samanlikna med driftsinntektene ligge på same eller redusert nivå i økonomiplanperioden.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent